

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

1. søndag i fastetida – 6. mars 2022

Preiketekst: Matt 26,36-45

Lesetekst I: 2 Sam 12,1-10

Lesetekst II: Hebr 5,7-9

«... og kampen er i gang!»

Slik har mang ei kommentator-røyst endeleg funne utløyising for spenning og forventning!

Frå Fastelavn sitt 'sjå, vi dreg opp til Jerusalem ..', til det mange vil oppleva som noko av det sterkaste på Via Dolorosa: kampen i Getsemane. Alt heng i hop: dei ytre pinsler med slag og spott, tornekrone og naglar. Men den indre kampen, den sterkaste påkjenninga, var det nettopp i Getsemane? Nei, det må vel vera krossen, men Jesus, 'skjelvande på såre kne' (Jakob Sande) grip oss djupt.

Så kan det innvendast at stunda i Getsemane strengt tatt var før Herren blei teken til fange og pinsleveggen egentleg starta, men scenen dagens tekst teiknar for oss, høyrer sanneleg med til Jesu lidingsveg. Ikkje mindre slik når ein ser på avsnittet framfor vårt, der Jesus varslar Peters svik: om så alle vender seg bort frå deg, skal eg aldri gjera det (26,13)

Mange altertavler – og gjerne tilsvarende bedehusbilete - har dette sterke motivet: Jesus i bøn i Getsemane. Truleg har mange blitt stille og funne hjelp i eit taust, men talande bilete. Den slitne trua fann kvile og kveik i Jesu kamp.

Til og med dei sovande læresveinane i bakgrunnen, kan vekkja oss til nærverande tru.

Det var ikkje slik det skulle bli, men slik måtte det vera. Herren hadde varsla det fleire gonger. Dei næraste skjøna det berre ikkje. Men no var Timen komen. Nærkampen med Faderen kom før møtet med Judas og hans flokk.

Herrens lidande tenar, gjekk eit lite stykke fram, - han var vel alltid eit stykke framfor læresveinane. Der tømde han si ånd hjå Faderen, så han sjølv kunne tømme den kalken Faderen hadde tiltenkt han. Følgjarane visste det ikkje. Men Herren såg kva som stod på.

GT-teksten denne første fastesøndagen, er om då profeten Natan konfronterte kong David med den heilage Guds vilje (2 Sam 12,1-10). David blir sint, og ser ikkje at det handlar om han sjølv. 'Du er mannen'. Jesu 3 utvalde, ser ikkje at det handlar om dei. Vedkjenningas Peter (Matt 16), den kampviljuge Peter (om andre, så aldri eg), ligg i Getsemane heilt passivt, og Hån lyt kjempa som kan kjempa, Hån lyt vera, som èr Messias, den levande Guds Son.

Fastetida dreg oss med inn i det sterke møtet med Sanninga. Jesu kjempande vandring mot død og oppstode, gjer oss kanskje til sidekommentatorar. No lyt skåla tømmast, av Han, og ikkje følgjarane.

Messias kom ridande på eselfolen, medan mengda ropte Hosianna ('gje frelse'). No skal det skje. 'Krossfest!' ropte dei så, som var det ein kamp på nevene i bokseringen, der sveklingen blir håna og The Champion kan få sin hyllest.

Men Frelsaren, 'endå han var Son, lærte (han) lydnad ved å lida', les me i andre leseteksten (Hebr 5,8).

Peter og Sebedeus-sønene hadde vel høyrte frå profetboka, om Israels frelse: Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte (Jes 53.5) Men vel ikkje slik, vel ikkje deira Jesus!? GT-evangeliet og NT-evangeliet utfyller kvarandre. Her er me vel ved spissen i Israelsmisjon?

'Då han hadde nådd fullendinga, vart han ei kjelde til evig frelse for alle som lyder han' (Hebr 5,9) Den Jesus Messias me tilbed og følgjer, han var den som måtte lida, skulle me kunna følgja og bli frelste.

For 'kampen er i gang!' Herren kjempa og tapte, for i tapet å kunna vinna siger. Me løftar 'det gamle merket' og bed om nådig vilje og hjelp til å vera tru mot kallet, kallet til nettopp tru, etterfølgjing og frelse.

2022 er vår tid. Me les og høyrer, frå utsida, men let oss treffa på innsida, til forløyning, tilbeding og himmelvandring.

Herren vekkjer oss, liksom han gjorde med dei tre læresveinane. Det står om livet. Hans liv og vårt. 'Vak og be at de ikkje må koma i freisting' (26,41). Freistinga for oss i vår tid er vel å tvila på at frelsa er nødvendig, i alle fall på denne måten. Freistinga er vel trøystevisa: 'det går nok bra!' Kanskje er freistinga er også å vera Jesu heiagjeng, meir enn etterfølgjarar.

For Herren vann styrke i bønemarken, og møter sine 'sleeping partners' med eit 'Stå opp, lat oss gå! Svikaren er nær'. Likevel, eller nettopp difor, ville han gå. Han ville møte svikaren oppreist, for det stod om mennesket sit frelse.

Me er kalla til det same: på kne innfor den frelsande Sigerherre, så me kan stå oppreiste i striden mot det/den vonde!

Geir Paulsen

prost i Sogn / leiar i styringsgruppa for Dni/SFj

Geir.Paulsen@sogndal.kyrkja.no